

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 21/2004

Møtedato: 12.5.04

Arkiv nr:

SØKNAD OM LEIGE AV BEITE TIL HESTAR

Erling Hasle har planer om å ta i mot hopper til bedekning. Han ynskjer i denne samanheng å kunne leige beite for ca 25 hopper og ein hingst i allmenningen. Det mest praktiske for han er å gjerde inn eit avgrensa område med elektrisk gjerde og føre dagleg tilsyn med dei.

Hasle deltok på fjellstyremøte for å orientere nærare om saka. Ein kom fram til at i området mellom Jomssyndin - Kringelhøvda – Nørre Trøllhøvd burde kunne vera eit skikka område.

I sak 20/04 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

Fjellstyret legg planane om beite ut til offentleg ettersyn.

Fjellstyret har fått brev frå Torill Trøen datert 7.5.04. Ho har sjølv hest på stølen på Nørre Trøllhøvd og ber derfor om at beitet blir planlagt slik:

- *Ein ikkje kan sjå over til kvarandre frå beite til beite.*
- *At ein kan nytte gang og sykkelveg mellom Trollhovd og Syndin til ridning utan at hestane får kontakt med kvarandre. Alle som driv med hest er klar over et hestar er nysgjerrige på kvarandre og ein ser med gru på om hestefølje skulle bryte seg ut når jentene mine er ute på ridetur.*
- *At gjerdene er tilstrekkeleg sikra, så ein kan vere trygg for at hestefølje ikkje kan bryte seg ut.*

Fjellstyret har fått brev frå Knut Viste og Knut Sigurd Rødningen datert 11.5.04. Begge har husdyrhald ut frå støl på Nørre Trøllhøvd og dei har følgjande merknad:

Klage på inngjerding av hestehavne.

Vi går imot inngjerding på grunn av for lite informasjon om antall mål det dreier seg om, og at det ikkje foreligger noen konkret plassering i terrenget. Dette er en sak dere må se nøye på når det gjelder og gjerde inn med elektrisk gjerde i statsallmenningen der storfe og småfe beiter.

VEDTAK:

Fjellstyret er samd i at elektrisk gjerde er for dårleg inngjerding for hingstar som i all hovudsak blir gåande utan tilsyn. Med bakgrunn i dette finn ikkje fjellstyret å kunne godkjenne søknaden om å få gjerde inn beite. Fjellstyret vil tilrå Hasle å leige eit jorde som kan gjerdast godt inn.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 13.5.04.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Erling Hasle
Statskog
Vestre Slidre kommune LNT
Torill Trøen
Knut Viste
Knut Sigurd Rødningen